
Søklar

Opplysningar om institusjonen

Kommunenamn	Stranda kommune
Institusjonsnamn	Stranda folkebibliotek
Postadresse	Øyna 13
Postnummer	6200
Poststad	Stranda
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Elisabeth Alexandra
Etternamn	Opsvik
Telefon	46 411 054
E-post	eliops@stranda.kommune.no

Sluttrapport

Tittel på tiltaket	Aktiv formidling 2023
Tildelt beløp	50 000
Antall tildelingsår	1-årig
Tidsperiode	2023

Mål for tiltaket

Utforske nye samarbeidspartnarar og saman finne nye måter å samarbeide på for å nå nye brukargrupper og å auke bruken av biblioteka i kommunen.
Skape auka positivt fokus på litteraturformidling i samspel med musikalske uttrykk.
Flytte biblioteket ut av det tradisjonelle bibliotekrommet.
Vere ein del av folkefesten "Festspela i Geiranger" i 2023, men også i åra framover.

Rapport

Prosjektet er eit formidlingsprosjekt med litteratur og musikk. Det er todelt, og første del av prosjektet var knytta til Festspela i Geiranger i 2023. Det vart lagd ei framsyning med litteratur og musikk og vist til saman 4 framsyningar for småskulebarn på skulane på Stranda og Hellesylt, og på Café Olé i Geiranger under sjølve Festspela. Til saman var det rundt 80 barn som fekk sjå forestillinga.

Framsyninga tok utgangspunkt i biletboka Månen som ville lyse som ei sol av Elin Grimstad. Ingvild Hegge Eriksen las høgt frå boka medan Stephanie Roux spelte piano til. Undervegs i framsyninga fekk ungane svare på spørsmål og lage lydar til forestillinga.

Vi fekk god respons på forestillinga, lokalavisa Nyss skildra det som "ei magisk oppleving i skuletida" og vi har søkt og fått innvilga turné med Den Kulturelle Skolesekken hausten 2024. Vi meiner vi har oppnådd eitt eller fleire mål i søknaden, til dømes å finne nye måtar å samarbeide på for å nå nye brukargrupper, og ikkje minst skapt eit positivt fokus på litteratur og musikk i samspel. At vi skal reise på DKS-turné med forestillinga er jo eit konkret bevis på nettopp det. Vi er veldig opne for liknande prosjekter med litteratur og musikk i framtida og gjer det gjerne igjen.

Rekneskap

- [4181_001.pdf](#)

Vedlegg
